

**Studielitteratur:**

Utdrag frå Edvard Befring: *Forskingsmetode og statistikk*, s 69

I studium av menneskeleg atferd er det vanskeleg, kanskje umogeleg, å kontrollere samtidig alle dei variablane som kan influere på den avhengige variabelen. Dette gjeld òg i tilrettelagde laboratoriemessige situasjonar. Dermed er det òg vanskeleg å reindyrke eller isolere moglege funksjonelle samanhengar mellom to eller fleire variablar. Det som både prinsipielt og praktisk inneber den største hindringa for å studere kausalitet i menneskeleg atferd, er likevel at det er få relevante variablar som ligg til rette for eksperimentell manipulering. Dette har i første rekke bakgrunn i forskingsetiske implikasjonar.

Men sjølv når vilkåra for kausalitetskonklusjonar ikkje er til stades, vil likevel den eksperimentelle modellen gi ei føremålstenleg ordning og strukturering av dei variablar og relasjonar som er involvert. Det er såleis nokså allment i empirisk forsking å tale om avhengige variablar og kontrollvariablar.

**Vaksen, skjønnlitteratur:**

Utdrag frå Paul Auster: *New York-trilogien*, s 9

Einkvan ringde feil, det var slik det byrja. Telefonen ringde tre gonger midt på svarte natta, og røysta der i andre enden spurde etter ein som ikkje var han. Mykje seinare, då han greidde å tenkja gjennom det som hende med han, då kom han til at ingenting anna var verkeleg enn det tilfeldige. Men det var mykje seinare. I byrjinga var det rett og slett berre denne hendinga og det ho førte med seg. Om det kunne ha utvikla seg annleis eller om alt var fastlagt med det første ordet som fall frå denne ukjende sin munn, det er saka uvedkomande. Det er sjølva historia som er saka, og om den betyr noko eller ingenting, er det ikkje opp til historia å ha noka meinig om. Quinn treng vi ikkje heftast lenge ved. Kven han var, kvar han kom frå, og kva han gjorde, er nokså likegyldig. Men vi veit, til dømes, at han var trettifem år. Vi veit at han hadde vore gift, hadde vore far, og at både kona hans og sonen no var døde. Vi veit også at han skreiv bøker. Kriminalromanar, for å vera nøyaktig. Dei bøkene skreiv han under namnet William Wilson, og det kom omtrent ei i året, slik at han hadde nok til det enkle livet sitt i ei lita leilegheit i New York.

**Barn/ungdom, skjønnlitteratur:**

Utdrag frå Lene Kaaberbøl: *Isfuglen*, s 122

Søvnen hennar var djup og tung av utmatting og likevel plaga av vage mareritt ho ikkje klarte å vakne frå. Då ho endeleg kom til seg sjølv, var det som om nokon om natta hadde forvandla henne til bly. Grå, tung og urørleg låg ho i senga og leita etter kreftene til å røre seg, til å stå opp, til å setje i gang med dagen og alt det han skulle brukast til. ”No, unge Trivallia, korleis går det med deg?” sa legen då han kom inn døra. Bra, ville ho seie. Men det kom ikkje ein lyd. I staden merka ho til sin store skrekk at varme tårer tok til å sive ut or augekroken og ned i håret. ”Har du vondt nokon stad?” Skuldra og hovudet dunka framleis om kapp med kvarandre, men ... ”Det er ikkje det ...,” kvekka ho. Han kom bort og sette seg på senga hennar. ”Sjå på meg,” sa han og gjorde igjen som meister Haryn hadde gjort, handa først over det eine auget og så over det andre. ”Nei, det er ikkje hovudet det er noko gale med ... iallfall ikkje på den måten. Men, Katriona ... det er Katriona du heiter, ikkje sant?” ”Ja.” ”Det er ikkje berre kroppen som kan bli forslått og sliten. Ein kan få sår på sinnet òg, og det er ikkje noko å skamme seg over. Du har behov for å kvile deg litt og kome til hektene att. Eg synest du skal bli her til i morgon.”